

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG</b>	Vest
<b>Møtested:</b>	Quality Hotel Edvard Grieg, Sandsli, Bergen
<b>Dato/tid:</b>	12. mars 2019 kl. 10.00
	<b>Protokoll: 01/19</b>
<b>TIL STEDE:</b>	
<b>Arbeidsutvalget:</b>	Lidvin Hage, Helene S. Bødtker, Ragnhild Døving, Jan Roy Eide, Bjarte Myren,
<b>Regionutvalget:</b>	Anders Haugen, Jon O Nummedal, Odd Inge Feidje, Bjarte Nordanger, Eli Berge Ness, Per Magnar Sognnes, Erlend B. Fossen, Anita Sæther, Stig Midtbø (vara for Kjell Ove Høydal), Olav Myrhol, Rune Nordbotten, Jørgen Wik, Steinar Enebø, Janne Marie Solheim, Ove Bruheim, Jakob Hammer, Sonja Skaare Esperø (vara for Thor Anfinn Lillestøl), Geir Ole Ervik, Anfinn Skorge Eriksen, Lillian Flø, Liv Signe Kvamme, Vegard Lystad, Ove Jonny Hånes, Rolf Otto Blindheim, Bastian Weiberg-Aurdal, Per Ivar Skodjereite, Øyvind Heinåli-Karlsen, Kjetil Gjul (vara for Lasse Øvstedal), Anne Karin Røssbø, Torstein Alvestad ( vara for Solveig Øie), Louis Medhaug, Oddbjørn Øverland, Geir Magne Gjerde, Egil Otto Haakull, Ragnvald Stople, Arild Hebnes, Morten Brekne Anda, Kjetil Mehl, Audun B. Næss, Tor Inge Eidesen, Nils Magne Jakobsen, Lars Ove Rimmereid, Eivind Nesse, Frank Kvammen, Asgeir Nøttveit, Roar Angelskår (vara for Kristoffer Dalland), Stein Olav Hauge, Arnt Bakke, Leif Lirhus, Bjørn Vedå (vara for Eirik Straume Normann), Kåre Olai Solheim, Helge Reisæter, Bjarne Aga, Jostein Gaassand, Hans Arne Breivik, Gerd Karin Njåstad, Kari Marie Njåstad, Ola Kongsvik, Anne Grethe Steinfeld (vara for Vidar Heggheim), Sindre Aasen, Solveig Berg, Lise Elvagjeng, Erlend Feet, Aud H. Molvik
<b>Valgkomité:</b>	Leif Arne Lirhus, Marit Mathiassen,
<b>Andre:</b>	Paul Sindre Vedeld, Bente Gro Slettebø
<b>Forfall:</b>	Thor Anfinn Lillestøl, Martin Strømøy, Solveig Øie, Reidar Kallestad, Svein Helge Lærdal, Harald Skjerdal, Ørjan Russenes, Kjell Ove Høydal, Oddmund Kvalsvik, Lasse Øvstedal, Sjur Åkra, Eirik Straume Normann, Kristopher B. Handeland, Kristoffer Dalland, Jarle Haugslund, Olve Neteland, Lars Even Brekke, Vidar Heggheim,
<b>Konsernstyret:</b>	Jan Erik Fløtre
<b>Administrasjonen:</b>	Lisbeth Svendsen, Ingvill Jørgensen, Einar Risnes,
<b>Referent:</b>	Ingvill Jørgensen

<b>Sak nr</b>	
<b>1</b>	<p><b>Konstituering</b></p> <p>Lidvin Hage ønska velkomen. Hadde ei innleiing om endringar i organisasjonen for å løfte tilliten, betre infolyten og snakka om moglege endringar i heile møtestrukturen for eigarsida.</p> <p>Opprop v/Ingvill Jørgensen 69 med stemmerett –73 totalt.</p> <p>Innkalling og sakliste godkjend utan merknader</p> <p>To til å skrive under protokoll saman med møteleiar: Kari Marie Njåstad og Arild Hebnes</p>

2	<p><b>Oppsummering av kretsmøta.</b></p> <p>Ingvill Jørgensen la fram saka – saka vert lagd ut saman med protokollen. Oppfølgingsliste på sakene frå kretsmøta vert også lagd ut.</p> <p>Krets 88 – Ytre Sunnhordland hadde høgast prosentvis oppmøte mot antal medlemar i kretsen – 35,6% og får då kr. 5.000 til ekstra aktivitet i kretsen.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering og nokre saker vert teken vidare i AU.</p>
3	<p><b>Drøfting av Årsmelding og Rekneskap.</b></p> <p>Jan Erik Fløtre la fram saka – orienterte om kva styret vil ha fokus på vidare. Orienterte i tillegg om dyreslaga.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan prognosetillegg aukast eller gjerast noko med opp mot overproduksjon?</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering.</p>
4	<p><b>Open post.</b></p> <p>Desse hadde ordet: Rune Nordbotten, Per Ivar Skodjereite, Hans Arne Breivik, Erlend Brede Fossen, Oddbjørn Øverland, Asgeir Nøttveit.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prissetting på egg-avtaletillegg var berre for Nortura produsentar og gitt når Nortura hadde bruk for egg, dette vart teke bort, fekk prognose-tillegg i staden, som går til alle egg-produsentar. Dette er feil med tanke på overproduksjon-situasjonen. Treng å få tilbake avtaletillegget på egg slik det var.</li> <li>• Sak til AU på tilbakemelding på henting av slakt i Nord-Hordland, krets 76, frustrasjon i lammeringen på at ein ikkje får melding om når dyra skal hentast, og har problemer med å få tak i rette personar på medlemssenteret. Dette har vore teke opp fleire gongar, men det er endå rot i systemet på dette. Må ordnast opp.</li> <li>• Saknar handlekraft i Nortura – må få bukt med alle utgifter med at bonden er urasjonell. Dette må ordnast opp i snarast. Treng trekk for bonden for f. eks. feilmerking av dyr, og anna som vert dyrt for selskapet. Alle eigarane må ikkje betale for slurv av nokre. Alle må heller ikkje betale for at nokon skal få tilleggspris som ikkje betalar seg i marknaden.</li> <li>• Einig med siste talar, og treng digitale avrekningar på livdyr, utan å måtte krysse av at ein vil ha dette. Må innførast! Alle dei små tinga kostar mykje, mange bekkar små gjer ei stor å.</li> <li>• Ikkje send ut noko på mail, legg alt på Min Side som bonden kan ta ut sjølv. Kor mykje tener Nortura på at Norsk Protein no tek ut hjerneprøver, og ikkje Mattilsynet?</li> <li>• Konesjonsregelverket på gris, her treng ein at styret gir klare innspel på at alle i næringa må ha same betingelsar og antal dyr i produksjon, og at det vert avgrensing mot at ein kan utnytte reglane.</li> </ul> <p>Einar svarte ut dei fleste spørsmåla.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering og vert teken opp på AU-nivå for gjennomføring.</p>
5	<p><b>Info frå sentral valkomite</b></p> <p>Bente Gro Slettebø, som møtte i staden for Reidar Kallestad som var sjuk, orienterte om innstillinga frå sentral valkomite.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Har dei som ikkje er innstilte på nytt, sagt frå seg? (Svar: Nei)</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>

6	<p><b>Konsernsjefens time</b></p> <p>Lisbeth Svendsen la fram saka. Orienterte om korleis det vert arbeidd no etter at konsernsjefen gjekk av i november. Ser på alle moglegheiter for innsparing, robotisering og korleis ein kan få alt meir effektivt.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering</p>
7	<p><b>Val</b></p> <p>Leiar i regional valkomite Marit Mathiassen la fram innstillinga.</p> <p>Det var i salen 69 med stemmerett ved starten av valet.</p> <p>Leiar i RU for 1 år – Lidvin Hage – 69 stemmer Nestleiar i RU for 1 år – Helene S. Bødtker – 66 stemmer – 2 blanke</p> <p><b>Medlemar i AU for 2 år:</b> Storfe – Bjarte Myren - attval Småfe – Reidar Kallestad - Attval Fri – Steinar Evebø - ny Alle valde med akklamasjon</p> <p><b>Vara til AU for 1 år:</b> Storfe – Per Ivar Skodjereite - Ny Småfe – Oddbjørn Øverland - Ny Egg – Sigurd Asklund- Ny Fri – Solveig Øie - Ny Gris – Sjur Åkra - attval Alle valde med akklamasjon</p> <p><b>Årsmøte-utsendingar for 2 år:</b> Per Ivar Skodjereite – Ny Sjur Åkra – Attval Anita Sæther - Ny Alle valde med akklamasjon.</p> <p><b>Vara for årsmøteutsendingane for 1 år:</b> 1.vara – Solveig Øie – Attval opp 2.vara – Ragnvald Stople - ny 3.vara – Oddbjørn Øverland - Ny 4.vara – Sigurd Asklund - Ny 5.vara – Frank Kvammen - Ny 6.vara – Helge J. Reisæter- Ny 7.vara - Rolf Otto Blindheim – Attval</p> <p>Alle valde med akklamasjon.</p> <p><b>Medlem i Regional Valkomite for 3 år:</b></p> <p>3 år – Solveig Øie - Ny Vald med akklamasjon</p> <p>Leiar i Regional valkomite for 1 år: Leif Arne Lirhus - Ny Nestleiar i Regional valkomite for 1 år: Anita Sæther - Ny</p>

	<p><b>Valde med akklamasjon</b></p> <p><b>Vara til regional valkomite for 1 år:</b>  <b>1.vara – Audun B. Næss - Ny</b>  <b>2.vara – Gerd Karin Njåstad - Ny</b>  <b>3.vara – Synnøve Kjellstad - Attval</b>  <b>Valde med akklamasjon.</b></p>
<b>8</b>	<p><b>Regionsjefen informerer</b>  <b>Einar Risnes tok opp dei sakene som var oppe i møta og etterlyste eigarstyring på dei tinga bonden kan gjere noko med.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi må få vedtak på dette i styret, og sete dette ut i livet</li> </ul> <p><b>Jan Roy Eide svarte på innspel på prognosetillegget på egg. Dette har vore arbeidd med kontinuerleg i fagutval egg.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skryt til fagutval for å ha fått til eit tillegg på egg.</li> </ul> <p><b>Lidvin innleia om inntransport og arbeidet som har vore gjort for å sjå på om det er mogleg med effektivisering og meir inntening. Ny inntransport-strategi for dei neste 5 – 8 åra.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Treng å ha bilpark tilpassa landet vårt</li> <li>• Fokus på spesielle produsentar</li> <li>• Store bilar gjer at vi i lammeringer leitar etter stader for samling av dyra, og der bilane kan kome til.</li> <li>• Det kan vere effektivt at sjåføren kjenner bonden.</li> <li>• Ser at bil frå Midt køyrer rett forbi med hengar, treng også vi i nørste delen av området å kunne levere austover i staden for til Førde?</li> <li>• Kanskje bør vi sjå på dyrevelferd som ein viktig del opp i denne saka.</li> </ul> <p><b>Einar tok saka vidare, det kom ein del innspel – meir avklarande.</b></p>
<b>9</b>	<p><b>Gruppearbeid</b>  <b>Innspel på: Korleis skape betre eigarmøter?</b>  <b>Nokon ynskjer meir kontakt med lokalt anlegg og det må vere tid til open post. Viktig med arena for tilbakemeldingar frå eigarane. Treng meir konkrete utspel på endringar til eigarane, framtidsperspektiv, fokus på eigar-rolla, kanskje også aktuelle saker som ikkje er direkte Nortura-saker. Viktig med dialog for å engasjere eigarane.</b>  <b>Innspel på: Korleis kommunisere no framover – til eigarar og tillitsvalde?</b>  <b>Felles plattformer – som Facebook for tillitsvalde. Skype/telefonmøte mot tillitsvalde, sjå på alle former for Sosiale Medie som kan fungere. Få ut problemstillingar som bør luftast for større engasjement hos alle, og endringar for meir rasjonell drift opp mot Nortura på den enkelte gard. (f. eks. Tid/kost for å leite etter dyr utan merkje). Alle kan bidra litt for betre økonomi. Kretsutvalsmøter i ansvarsområdet for tillitsvalde, fysiske og telefon.</b></p> <p><b>Møtestruktur i RU-Vest framover i eitt år – sak til styret om pilot.</b>  <b>Alle grupper gjekk for forslag til vedtak – ynskjer å prøve ut anna møteform enn den vedtektsfesta – eit 2-dagars møte på våren med minst 2 fysiske ansvarsområde møter og elles Skype/telefonmøte.</b>  <b>Alle detaljar vil verte oppsummerte opp mot neste møterunde. Det er også stilt spørsmål om antal utsendingar frå kretsane er rett.</b></p> <p><b>Inntransport:</b>  <b>Alle grupper er positive til forslag til vedtak.</b></p>

	<p>Ein del praktiske innspel og forslag, som må takast vidare til dei som dagleg arbeider med dette og i vidare handsaming med sjølve saka. Tillitsvalde er klare på at dei må vere bindeledd ute når dette vert sett ut i livet.</p> <p><b>Årsmøtet:</b> Saker: Ta økonomiske og effektiviserande grep, og ha styring på selskapet for at det skal gå betre. Alle har full eller nesten full tillit til sentral valkomite si innstilling, og treng noko utskifting. Utsendingane må stå fritt, treng ikkje bunde mandat.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering, og vert arbeidd vidare med på alle område.</p>
10	<p><b>Open post</b> Roar Angelskår – kalv og oppforing – leverer både Førde og Sandeid, opplever stor forskjell på klassifisering, og som ved ny klassifiseringsmetode viser at no er forskjellen enda større. Bør ha livdyrpriser som gjer at vi kan få oppgjjer som er høge nok til å kunne drive med oppforing – fordeling innanfor dyreslaget bør sjåast på. Oddbjørn Øverland - Bondelagsmøte – her har konkurrent sagt at ein må halde oksar lenger. Også bør vi få ut priser på nettet for å lokke med fleire, då også livdyrpriser.</p> <p>Lisbeth og Einar svarte ut.</p> <p><b>Hans Arne Breivik:</b> Har starta å få trua tilbake på Nortura, store omveltingar, her må vi kvalitets-sikre slik at vi ikkje hamnar i klemma igjen. Advokatane som har råda oss til ein del feile avtalar, er dei ennå i bruk? Jobben må gjerast på ein rett måte og med kvalitet.</p> <p><b>Krets 68 – Storehesten</b> hadde meldt inn ein uttale frå kretsmøtet til behandling i RU-møtet. Saka galdt "routing" av telefoner til medlemssentra – ein får ikkje tak i dei ein treng snakka med, med det nye opplegget. Regionsjefen orienterte om at det no vert nytt telefoni-system, det gamle har hatt tekniske manglar. Kretsen 68 trekte då saka for å sjå om det nye systemet vil fungere betre i kvardagen.</p> <p><b>Innspel til saka:</b> Forstår frustrasjonen, men er litt i tvil om dette. Treng å bygge tillit med å kunne få tak i dei ein treng snakka med. Treng også å ringe når Min Side ikkje fungerer. Det er også frustrasjon på situasjonen på anlegga. Må få telefonien opp og gå, men må ha ei løysing f. eks. lammeringar slik at ein kan få teke rett kontakt.</p>
11	<p><b>Avtakking – kort evaluering</b> Hektisk møte, lang dag, Har vore eit behageleg møte, god info, men treng meir tid for å kunne ta dei store og grunnleggande diskusjonane. Svein Helge Lærdal skulle vore takka av som AU-medlem Fjørfekjøt, han hadde meldt avbod. Avtakking vil verte gjort seinare.</p> <p><b>Lidvin</b> takk for tilliten og lova å prøve å gjere ein jobb for framgang som RU-leiar.</p>
	<b>Møtet slutt</b>

**Kari Marie Njåstad (s) Arild Hebnes (s) Lidvin Hage (s)**